

KYRKJEKONTAKTEN

NR.2 — 2021 · 46. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM





Japansk stril ordnar opp i kyrkja

Tekst og foto: Øystein Skauge

Det er ein vanleg kvardag. Kaldt, vakkert vårvær kastar glans over gravfølgjet som vil ta farvel med ein av sine døde i Knarvik kyrkje denne føremiddagen. Men først er det ein flokk av folk som må gjere alt klart i kyrkja. Kista kjem på plass. Blomster. Musikaren startar øvinga. Presten dukkar opp i sakristiet. Gravferdsbyrået jobbar rutinert og sikkert. Og mellom alle desse ser eg han eg vil vite meir om. Han har ikkje tid til å snakke. Enno.

Han spring, bokstavleg tala. Fram og tilbake i korridorar og i kyrkjerommet. Opp og ned frå altar til utgangsdør. Snakkar med folk. Vaskar stolar for potensiell koronasmitte frå eit anna gravfølgje som nett har forlate kyrkja. Tek mot dei første sørgjande som møter opp. Helsar på dei som kjem. Viser dei plassane sine. Ser på mobilen kor langt tida lir. Enno litt igjen. Så må alt vere ferdig.

Nokre ord med presten, så er han klar i kulissane der ingen ser han. Nettbrett i handa. Mobiltelefonen med klokke. Og ein dings som kan fjernstyre kyrkjeklokkene som skal samle ei fullsett kyrkje til sørgjehøgtid. Han trykkjer på knappen. Klokkeklangen fyller rommet, og sjølv finn han plassen sin der han skal styre lyden gjennom resten av gravferdsremonien.

Ein time seinare sit vi saman i kyrkjekjellaren. Han har med seg ein beskjeden matpakke, og vi kan prate saman, utan munnbind.

– *Er du sliten no, kyrkjetenar Bjørn Furukawa? spør eg.*

– Ja. No gjer det godt å setje seg ned. Kontant svar utan å nøle.

Og så fortel han, lett, leikande og velviljug om kven han eigentleg er, denne mannen som styrer så mykje av det praktiske som må gjerast i kyrkjene i Knarvik sokn, anten det er gudstenester, gravferder eller vigslar.

– Eg er norsk-japanar, seier han på perfekt strilamål. –Eg har budd over 20 år i Japan, i utkanten av storbyen Osaka. Mor hans, frå Frekhaug, var misjonær i Japan for NMS, og ho stifta familie i Japan.

– Eg snakkar betre japansk enn norsk, seier han.

Og eg som lyttar tenkjer: –Då må hans japansk vere perfekt, for ingen kan høyre det minste spor av aksent i strilemålet hans.

Bjørn er no 40 år, og flytta fast til Norge då han var 27 år.

Men i periodar då han var yngre, budde familien også på Frekhaug.

– Eigentleg er eg utdanna økonom, men jobba mest med dataprogrammering i Japan. Ei tid etter at eg flytta tilbake hit, jobba eg som lærar i japansk på Folkeuniversitetet, seinare også Universitetet i Bergen og på Handelshøgskolen. Eg har også jobba litt som tolk, fortel han.

– *Kva er den største skilnaden på dei to landa du har røtene dine i?*



– Arbeidskulturen. For vanlege folk i Japan er jobben deira langt viktigare i dagleglivet enn her hjå oss. Folk har sterkt forventningspress på seg. I Norge betyr privatliv og familie langt meir. Vi har mykje meir fritid her.

– *No har du valt kyrkja som arbeidsstad og yrkesveg. Men korleis var det å vekse opp i Japan i ein kristen familie?*

– I Japan er berre 1 % av folket som er kristne. Det var nok ein del av mine kameratar som syntes det var rart at eg ofte var oppteken i kyrkja på sundagane, og for eksempel ikkje kunne ta del i skulen sine idrettsaktivitetar som gjekk føre seg den dagen. Det var få kristne ungdomar, men japanarar synest kristen tru er OK «så lenge det ikkje plagar meg.»

– *Kva brukar du fritida di til på Frekhaug, der du bur?*

– Eg har ikkje stifta eigen familie, og har nok godt av å kome meg ut mellom andre folk. Men eg er eigentleg eit «innemenneske». Eg driv framleis med hobbyprogrammering på data. Eg likar sport på TV, vintersport og sykkelritt. Og eg prøver å kome meg ut på turar i naturen.

Det er meningsfullt for meg å arbeide mykje helgearbeid, men den eine frihelga eg har i månaden er likevel alltid kjærkomen. Og når det no vert sommar igjen, vil eg inderleg gjerne kome meg ein tur tilbake til Japan for å møte familie og vener der borte. Eg skal nok tole lang karantene både i Japan, og når eg kjem heim att til Norge, for å få til ein slik tur, smiler Bjørn Furukawa.



Oppussing i Alversund kyrkje

I Alversund kyrkje var teppet i midtgangen slite. Det same gjaldt målinga på golvet. Benkane blei beisa for over førti år sidan, og såg ikkje fine ut lenger. Dette har opptatt fleire i Alversund, og særleg har det engasjert Kåre Jordal. Han sit for tida i Knarvik sokneråd. Han har vore ein pådrivar for å få med ein dugnadsgjeng på arbeidet. Før og etter påske blei alle benkane flytta på. Halvparten blei borne over til Kyrkjelydshuset og måla der. Det gav rom for å måle golvet i kyrkja. Når dugnadsgjengen først var i gang, malte dei også over dørkarmar og alterring, som også hadde behov for nye strøk. Nytt teppe kjem etter kvart. Teppet blir finansiert av midlar som er øyremerkte til Alversund kyrkje frå tida før samanslåing av sokneråda i Alversund, Seim og Lygra til Knarvik sokneråd. Målinga tok Alver kyrkjelege fellesråd på si rekning.



Deler av dugnadsgjengen i aksjon, f. v. Torunn Øyri Jordal, Inger Espeland Iversen, Berit Dale Øgaard, Bjørn Hjørnevik, Torbjørg Jordal Kolstad.



Det var god stemning i kyrkja under dugnaden. F.v. Øystein Valle, Øystein Monstad og Oddvar Sundsbø.



Leiar for dugnaden, Kåre Jordal i samtale med Arne Alver.

Solidaritetsgudstenesta 2021


Det kjem storfint besøk på solidaritetsgudstenesta i Knarvik kyrkje om kvelden søndag 29. august. Det er tredje gongen Knarvikmila og kyrkja er saman om arrangementet. På gudstenesta blir det eit møte mellom utviklingsminister Dag Inge Ulstein og artist Marthe Christine Valle. Dei er begge engasjerte i solidaritet og bistandsarbeid. I tillegg til samtalen mellom dei to, leia av prest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn, vil Marthe Valle bidra med eigne songar, mens ministeren vil halde kveldens tale.



Artist Marthe Christine Valle.



Utviklingsminister Dag Inge Ulstein.
Foto: Sturlason.





FAKTA

Namn: Laila Tvedt
Alder: 59 år
Bustad: Tveiten i Alversund
Yrke: Arbeider med økonomi og administrasjon

Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Geir Øy

Laila Tvedt har i lang tid kjent seg mest knytta til Alversund kyrkje. Etter at det kom kyrkje i Knarvik, har ho også vore aktiv der.

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

Eg blei skikkeleg aktiv først då eg blei med i soknerådet for snart seks år sidan. Før det var eg ikkje ein aktiv kyrkjegjengar. Då gjekk eg helst i kyrkja ved dei store anledningane.

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

Eg set mest pris på dei flotte folka eg møter i kyrkja. Eg opplever at folk er så positive. Eg merkar at både tilsette og frivillige er engasjerte i det som skjer i kyrkja og bidrar på flotte måtar.

Av det som skjer i kyrkja, likar eg gudstenestene best. Det er ikkje det same å høyra ei gudsteneste på radio eller sjå på pc. Eg likar godt å delta på songane og i liturgien elles.

Eg var heldig som fekk vera med frå kyrkja var ny, og fekk oppleva den fine utviklinga som skjedde då.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

I Alversund har me ei fantastisk flott kyrkje. Det er vår lokale kyrkje, som heile bygda set pris på. Anten ein går der sjeldan eller ofte, er kyrkja er eit viktig bygg og ein sentral institusjon for Alversund-bygda.

Etter at det kom kyrkje i Knarvik, ser eg at det er mykje meir ein kan gjera og få til der. Arbeidsforholda blei betre. Dette har gitt rom for det store engasjementet der mange vil bidra. Det siste året med korona har engasjementet til dei tilsette vist igjen i ulike digitale tilbod. I sum vil eg seia at dei to kyrkjene våre er prega av stort og positivt engasjement.

– Kva salme syng du gjerne for tida?

«Det være ære» er nok den salmen eg likar best. Den er flott. Mange av dei gamle salmane er fine. Skal eg trekke fram ein, er det «Kjærlighet frå Gud», ein salme som kan brukast til det meste.

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

Det er praten og det å treffa folk. Praten er viktigare enn maten. Kjeks går heilt fint, sjølv om eg er glad i kaker. Eg er ofte med å servera kyrkjekaffien, men eg eg får meg ein god prat med andre likevel.

KNARVIK  **SENER**

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no



Det nedlagde bedehuset i Sandvikadalen på Hjelmås har fått nytt liv som klubblokale for MC-klubben Holy Riders.

MC-misjonærane

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Tore Knudsen og Henning Gjelsvik

Dei er på to hjul for Jesus - med sitt gjenkjennelege korsmerke på ryggen. Den kristne MC-klubben Holy Riders si lokalavdeling i Nordhordland har rundt 50 medlemmer, fordelt på ordinære medlemmer, støttemedlemmer og ungdom.

– I klubben vår finn du alt frå pastor til den vanlege benkeslitar frå ulike kyrkjelydar og forsamlingar, seier Henning Gjelsvik, som er leiar i Holy Riders MC Nordhordland.

MC-klubben er ein tverrkyrkjeleg organisasjon, er alkoholfri og er open for alle – om du kjører sykkel eller ikkje. Etter eit liv i leigde klubblokale, kjøpte Holy Riders i 2001 eit nedlagt bedehus i Sandvikadalen på Hjelmås.

– Dette har blitt eit av dei tøffaste og mest besøkte klubblokala på Vestlandet, seier Henning, som fortel at mellom 70 og 100 gjestar kjem køyrande til klubben sine heilt vanlege tirsdagskaféar. Klubben har hatt 270 motorsyklar på ein kveld, og i eit normalt år utan korona blir det rundt 50 kafé-kveldar.

– Ofte har vi ikkje plass til alle gjestene inne i lokalet vårt, og då blir andakt og anna formidling gjort i innersvingen utanfor.

Mange klubbar valfartar hit

Hit valfartar MC-folk frå ulike klubbar, der folk kan kosa seg med kaffi og godsaker.



Brørne John Olav (t.v.) og Arvid Aasgard viser fram Holy Riders sitt ryggmerke.



Mange MC-folk frå ulike klubbar valfartar til Holy Riders sine samlingar på Hjelmås.

– Vi er blitt kjende for ekstremt gode og sunne vaflar, seier HR-leiaren med eit smil. Klubben byr på gratis kaffi og HR-bibel (NT for MC-folk). MC-kafeen er open så lenge det ikkje er «kvite» vegar – eller korona-tiltak. Vinterstid held vi oss inne og dei fleste kjem då i bil. Men enkelte meiner ein MC-klubb er for dei på to hjul og køyrer MC.

«På veien for Jesus» - det er Holy Riders sitt motto. Dei medlemmene som har HR sitt ryggmerke på jakka har inngått ein avtale om at dei skal bera den kristne bodskapen ut til andre i MC-miljøet.

- Mange som ikkje kallar seg kristne kjem på tirsdagskaféen, og då blir det gjerne god tid til ein god prat – også om åndelege ting. Det er det mange som er opne for, og ein slik nær samtale er gyllen augneblink, seier Henning.

Han synest mange har fått eit feil inntrykk av MC-miljøet.
- Her er det eit utruleg godt felleskap, og folk tar vare på kvarandre sjølv om dei ikkje kjem frå same klubben.

Mykje som skjer

Det er stor aktivitet i den kristne MC-klubben i Nordhordland. I tillegg til den faste tirsdagskaféen, har dei også konsertar, basarar, opne og lukka medlemsmøte. Og klubben køyrer sjølvsagt turar. Det kan vera korte kveldsturar, lengre dags- og helgeturar, og besøk til andre MC-klubbar.

- Ofte blir turane avslutta på Torget i Bergen, der vi møter mange vener i MC-miljøet. Vi har og fellesturar til ei Gokart-bane, både unge og gamle MC-køyrarar likar litt fart og spenning av og til, seier Henning.

Ungdommen er med

Lokalavdelinga i Holy Riders har dei siste åra satsa meir på ungdommen, og har oppretta ei eiga avdeling for dei frå 15 til 18 år. Klubben har kjøpt inn head-sett som dei lånar ut til dei som ønskjer lærekøyring. Denne ungdomsgjengen møtest også i klubbhuset til uformelle samlingar, gjerne med biljard og pizza.

Pilegrimstreffet er det årlege treffet for medlemmar i Holy Riders på landsbasis. Her samlast mellom 300 og 400 motorsyklistar siste helga i juni. HR Nordhordland, som er ein av dei største HR-klubbane, stilte i fjor med 45 personar i Fyresdal i Telemark.

Får ryggmerke

Han fortel at Pilegrimstreffet har samlingar for alle generasjonar, konkurransar, felleskjøring og mykje sosialt samver. Her blir det også delt ut ryggmerke til nye «MC-misjonærar».

- Treffet vert avslutta med nattverd. Det å stille seg i kø framfor nattverdsbordet og høyra på lovsongen frå våre MC-vener gir god grunn til ettertanke om kva vi er med på, seier HR-leiaren i Nordhordland.

HR-leiar Henning kjem med følgjande invitasjon:

- Er du ein av dei som køyrer MC og ikkje har besøkt oss enno, så stikk innom ein tirsdag kveld. Vi byr på gratis vaffel ved første besøk og ikkje minst eit godt MC-miljø for unge og gamle. For dei som ønskjer meir informasjon - kjør inn på: holyriders.no eller på fb-sida vår.



Holy Riders er veldig fornøgd med klubblokalet sitt i det tidlegare bedehuset, som neste år har 100-årsjubileum.



- Mange kjem på tirsdagskafeen, og då blir det gjerne tid til ein god prat – også om åndelege ting, seier Henning Gjelsvik, leiar i den kristen MC-klubben Holy Riders. Han er glad for den positive måte klubben har blitt tatt i mot av naboane.



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no



Diakonane Ruben Sæle og Gudveig Kartveit Sundsbø leier sorggruppa.

Sorggruppe i Alver

Eg var usikker på kor mykje eg kom til å fortelje om eiga sorg, men eg visste eg trengte ein stad å få støtte og hjelp til å leve med sorga. Her i gruppa er det lett å dele, det er ingenting som er feil å seie.» Deltakar i sorggruppa.

Kyrkja i Alver starta denne vinteren eit nytt tilbod. Menneske som har mista ein eller fleire kjære i død kan vere med i ei samtale- og delegruppe. Målet med sorggruppa er at ein saman med dei andre i gruppa kan finne styrke til å leve vidare med sorga. Det skal vere eit rom der ein kan setje ord på

kjensler, tankar og opplevingar kring sorg og tap.

«Eg var først skeptisk til at dette kunne vere noko for meg. Men eg kjente raskt at her var det godt å vere. Me er alle ulike, men me kjenner oss igjen i kvarandre si historie.» Deltakar i sorggruppa.

Den første sorggruppa har hatt samlingar rundt annakvar veke i Alversund kyrkjelydshus. Samlingane er styrt av tema som deltakarane sjølv vel.

Sorggruppa er eit samarbeid mellom kreftkoordinator i Alver og kyrkja i Alver.



Oppstart av ny sorggruppe i starten av september

- 8-10 samlingar
- 4-8 deltakarar
- 2 leiarar

For meir info/ påmelding kontakt diakonane

Ruben Sæle, 41 38 31 95

Gudveig Kartveit Sundsbø, 93 84 05 87

Kystpilegrim

Gode krefter i kulturliv og kyrkje har blåse liv i pilegrimsleia langs kysten nordover til Nidaros. Det blir lagt opp til nøkkelstader langs kysten, og i vårt distrikt er Lygra og Lyngheiseret eit slikt punkt.

Dei som brukar båt, vil lett kunne besøke fleire nøkkelstader.

Mange arrangement blir knytt til kystpilegrimsleia. På Fedje arbeider dei med planar om eit årleg stemne i august. Dette året gjekk det ut

på grunn av pandemien. Ein finn informasjon om ulike arrangement ved å gå til nettsida: Kystkultur.no. Ei av fanene heiter Kystkulturaktørar. Deretter kjem Kystpilegrimsleia opp som fane.

www.fjonfjellkyrkje.no
@fjonfjellkyrkje

FJON FJELLYRKJE
Velkommen til Fjon Fjellkyrkjel

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS 22 40 00 40
SOS CHAT
SOS MELDING
KIRKENS SOS

Ikke alle barn gleder seg til ferien

Gi en trygg familieopplevelse til familier som har det vanskelig

Illustrasjonsfoto

SMS BK FERIER til 13130 (200 kr)
VIPPS en gave til 13130 eller
gi på konto 3201 52 74165



Hans Nielsen Hauge i møte med strilane

Tekst: Svein E. Kvamsdal

Det er i år 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Hauge er den enkeltpersonen som har hatt størst innverknad på norsk kyrkje- og kristenliv etter reformasjonen. Han møtte også strilar på sine lange vandringar i landet. Bjørgvin biskop, i motsetning til mykje av presteskapet, forsvarte Hauge.

Han kom til Bergen sumaren 1798. Her fekk han handelsbrev i 1801, og dreiv verksemd herifrå, til han forlét byen for siste gong truleg i mars 1804.

Det er velkjent at han var ute på lange vandringar, m.a. fleire turar til Trondheim. Han gjekk fort. Nærast småsprang, medan han strikka. Og prata med folk undervegs. Attåt det samla han bygdefolket til møte i huset der han overnatta. Likevel nådde han fram til Trondheim på tretti dagar.


Det er ikkje fortalt særleg mykje om kor vidt han gjesta bygdene i Nordhordland. Det interessante for oss kan vera heimturen frå Trondheim 1802. Han gjekk til fots på den gamle postvegen mot Bergen. Etter minnet mitt gjekk postvegen til sjøs frå Eivindvik til Fanebust. Truleg har Hauge stige i land der, og vandra vidare mot Bergen. Også det er eit godt stykke til fots, så han må ha teke inn hjå ein og annan undervegs. Han hadde ei fabelaktig god evne til å koma i prat med folk, og halda praten gåande.

I 1816 skreiv H.N. Hauge eit skrift – «Reiser, viktigste Hendelser og tildragelser». I dette skriftet fortel han m.a. om folkelynnet i dei ulike bygdelaga han gjesta, og om

klesdraktene deira. På denne tida var det vanleg å gå kledd i drakter med kvar sine særkjenne i ulike område av landet. Om Trondhjems stift skriv han m.a. «... jeg syntes også, at der omkring på Landet var paa den Tid en passende Klædedragt, thi ikke var den som de grove Strileklæder.» I merknadene bak står det: «.. de grove Strileklæder» - Befolkningen omkring Bergen, særlig på øyene, de såkalte striler, brukte i begynnelsen av 19. århundre for det meste en mørk dragt, med støvler, vide bukser og kofte, undertiden sko og strømper». Han møtte mykje fattigdom, og seier at «hos Strile-folket på Bergens-kanten var det nærmest slumtilværelse uten oppdrift».

Omtalen av «de grove Strileklæder» viser tydeleg at han har møtt på folk frå Strilelandet. Men veneflokkar av det «haugianske» slaget har eg ikkje funne omtala her.

Det næraste me kjem er Voss. I mars 1801 var Hauge på vandring gjennom Valdres og vidare til Voss. Der braut det ut vekking. Eit venesamfunn voks fram og fekk ein sterk posisjon. Dei tre prestane på Voss var av den rasjonalistiske typen. Dei gjekk offentleg til åtak på dei vakte. Presten Peter Hount sende endåtil inn klage til Stiftsdireksjonen om det nedbrytande undermineringsarbeidet som dei religiøse fanatikanane dreiv i soknet. Då kom biskop J.N. Brun på banen. Han tok desse prestane kraftig i skule, og samlingane fekk halda fram utan innblanding frå nokon prest. Hauge tenkte at det truleg var «den veltenkende mann» på Bergen bispestol som hadde vore ute med eit



Det einaste kjente portrettet av Hans Nielsen Hauge, malt i København av ukjent kunstnar ca. 1800. Henta frå Wikimedia Commons.

myndig ord om å la dei vakte få vera i fred.

Han var den einaste av dei fire biskopane som avgjort heldt si hand over Hauge. Det viste seg då biskopane i 1804 skulle senda inn kvar si fråsegn om Hans Nielsen Hauge og tilhengjarane hans til kanselliet. Der skriv han: «Jeg kan ikke se, at der finnes nogen grunn til å laste disse kristne mennesker. De merker seg ut ved ikke å banne, ikke å lyve, ikke å svire.. Hva grunn skulde jeg have til å laste disse kristne dyder? Her lever de sitt stille liv. De nyter nattverden som andre. De går flittig i kirke. Ja, det er nu rent forunderlig: Vil en mann kalle inn til aftensang av et annet slag i sitt hjem med dans og drikk, så kan han uten videre be sine venner komme. Hverken prest eller lensmann hindrer ham. Men om den samme mann ber de samme gjester komme i sitt hjem til bønn og bibellesning, da er de der – begge autoriteter...»

**HELLAND
ELEKTRO AS**

HOVEDKONTOR: LINDÅS
TLF: 56 34 24 30
www.helland-elektro.no

AVD. KONTOR: OSTEREIDET
TLF: 56 34 24 45

HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse

• Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

GÅRDBRUKERSERVICE

LANDBRUK & MARINA

Etablert 1981

Ropet og håpet

Tekst og foto: Solveig Westermoen

Å gje ut musikk i pandemitid er ikkje berre enkelt, men Stine Karin Sæle frå Knarvik vil gjerne formidle håp.

Redaksjonen møter Stine Karin Sæle heime i Knarvik, i rekkjehuset ho deler med mannen sin, Torbjørn Sæle. Nokre av Kontakt sine lesarar kjenner kanskje Stine Karin att frå den digitale konserten ho heldt i Knarvik kyrkje påska 2020. Denne og andre sjølvskrivne songar er no blitt publiserte på EP gjennom produksjonsselskapet Gilead i Oslo.

Stine Karin er oppvaksen på Holsnøy. Ho har alltid vore interessert i song og musikk, og lærte seg å spele gitar i 10.klasse. Ho opplevde i ungdomstida at ho mista frimodet til å syngje. Det fann ho ikkje att før i vaksen alder. Musikken hadde ho likevel med seg, og ho byrja å skrive tekstar og egne songar. Å dele dei med andre var vanskelegare, men no har ho tatt steget.

Tekstane til Stine Karin er prega av trua hennar. Ho likar historiene i Bibelen, og prøver med songane sine å vise at dei er relevante for oss i dag. Ho vert og inspirert av menneske ho har møtt og historier ho har høyrte.

Tre av songane er på norsk. Den fjerde, "Psalm 13" er på engelsk. Der har Stine Karin tatt den engelske teksten direkte frå Bibelen og laga melodi til denne.

Tittelen på EPen vart til i dialog mellom Stine Karin og mannen, Torbjørn. Med utgangspunkt i klagesalmen Salme 13 tenkte Torbjørn at "Rop" var ein naturleg tittel. Stine Karin ville og at kontrastene og dualiteten i songane skulle speglast i tittelen, og dei kom fram til at eit rop utan håp ville vere håpløst. Våre rop og bønner til Gud er baserte på håpet og trua på at Han vil oss vel. Denne trøysta ynskjer Stine Karin å formidle i songane sine.


Prosessene frå gitarspeling i stua heime til ferdig EP på strømmetjenester som t.d. Spotify har ikkje vore heilt enkel i denne tida. Stine Karin måtte reise til Oslo for å spele inn vokalstemma, koringa gjorde ho heime på kontoret, musikarane fekk ho i liten grad treffe, og tallause filer og versjonar har blitt sende gjennom eteren mellom ho og produsenten.

Sjølv sagt skulle ho ynskje at lanseringa av EPen skulle vore følgt av konsertar med publikum. Som alle andre har ho eit håp om at sommar og vaksinerings vil opne for fleire samlingar. Kanskje kjem ho og har ein hagekonsert nær deg?

Enn så lenge, hald ut!



Stine Karin Sæle.



"Ropet og Håpet", Coverart: Gunhild Sannes Larsen.

Hald ut, hald ut! Det tørre land skal vætast.
Noko nytt får springa ut.
Ei kjelde som gjev liv, ei elv av nytt giv.
Så hald ut, hald ut.

Frå songen "Hald ut" av Stine Karin Sæle.

Pinse – meir enn ein ekstra fridag?

Tekst: Magne Bjørndal

Foto: Gunvor Taule Mjanger

Anten dei har mykje eller lite kontakt med kristne miljø, så veit dei fleste nokolunde kva som er bakgrunnen for at vi feirer jul. Kunnskapen om påska er det kanskje litt verre med, men der òg er det ein god del som iallfall har ei viss peiling. Pinsa derimot, den er det mange som ikkje har noko anna forhold til enn at den fører til ein ekstra fridag.

Pinsa vert gjerne rekna som kyrkja sin fødselsdag. Det er fordi den markerer at det som hende i jula og påska er for alle, ikkje berre for dei som opplevde hendingane den gongen på nært hald. Jesus var – som oss – eit menneske på ein bestemt stad til ei bestemt tid. I og med pinsa kan han vera over alt, heile tida. Jesus var ikkje berre i Palestina ein periode rundt år null, han er her, no, alle stader der bibelordet vert lese og forklart, bønner vert bedne, nattverd måltidet vert delt og menneske tek del i det kristne fellesskapet, (jfr Apg 2,42). Det er alt dette som eigentleg er kyrkja. Den kan framstå som kyrkjebygg, eller som diskusjonar om homofili og andre ting som folk er ueinige om, eller som ein vrimmel av forsamlingar og kyrkjelydar. Den er saktens det òg, men først og fremst er den ei verdsvid samanslutning av alle som høyrer Jesus til.

Paulus skriv: «Liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka.»

(1 Kor 12,12-13) Mange kroppsdelar med ulike former og funksjonar, men likevel éin kropp – slik er kyrkja.



Fondveggen i Osteridet kyrkje.

«Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.» (Joh. 14,26)

«Anden, vår trøyst, levande, varm og heilag og sterk, talar om Gud, leier oss fram dag etter dag. Herren vår Gud vil vi takka.» Nr 240, 3 i Norsk salmebok.

Dette kan du tenkja på, ikkje berre i pinshelga, men elles og. Og kanskje – viss smittesituasjonen gjer det forsvarleg – kan du oppsøkje ei gudsteneste, og vera med på feiringa av den mangfaldige kristne einskapen.

Bygg Team VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

Arbeidsbåten MS Glimt klar for oppdrag

Allsidig arbeidsbåt som kan frakte materiell og utstyr til din kai eller i fjæresteinene der du trenger det.

Båten har alle sertifiseringer i verden, den er også godkjent som sløppebåt.

MS Glimt er har et dekkareal på 22 m², og en kapasitet på 3 tonn. I tillegg er det en kran med 8 meter rekkevidde. Det er også en løperampe som kan legges ned for å frakte felleks, mini-graver, ATV, motorisert trillebår, etc. stilles opp lignende. Båten stikker 1 m djupt.

Vi kan levere totalpakker med båttrensport, stillas, maskinutleie, lønner og malere, alt du måtte ha behov for. Vi har personell og utstyr til å bygge/retablere kais, muss, lytter og hus.

Ta kontakt på tlf. 4013 6666

Bøvågen Service AS
Botjervegen 16, 5934 Bøvågen
Tlf. 4013 6666



RISNES ELEKTRO AS



Elinstallatør · tlf. 56349620



OPPSKRIFT

Smuldrepai og råsaft av rabarbra

Marta Grønstad Hvidsten bur på Kviste på vestsida av Radøy. Saman med mannen sin, Roald, driv ho eit Inn-på-tunet-gardsbruk med villsau og lama, og dei dyrkar ulike urter, frukt og grønnsaker. Dei er fosterforeldre, er begge utdanna lærarar, og er levande opptekne av å hausta frå naturen rundt seg både på sjø og land. Dei har vore aktive i kyrkjelydsarbeid m.a. med barnekor og i sokneråd, og Marta har jobba mange år som kyrkjetenar.



Rabarbra er det mange av oss som har i hagen sin, og det er ein av dei fyrste vekstene ein kan hauste om våren. Ein kan ete rabarbra gjennom heile sommaren, om ein kuttar stilkane tidleg. Slik unngår ein å få gamle og trevlete stilkar med høgt innhald av oksalsyre.

Frå min barndom var det rabarbradessert og suppe som var mest vanleg å lage av rabarbra, og det gav alltid ein smak av sommar. Når eg no som vaksen haustar rabarbra er det som oftast for å lage råsaft eller rabarbrapai. Og her fylgjer oppskriftene på desse:



Råsaft av rabarbra

6 liter oppkutta rabarbra
4 liter vatn
ca. 20 gr. sitronsyre
600 gr. sukker

Bland saman rabarbra, vatn og sitronsyre i ei bøtte. La stå kaldt i tre døgn. Sil av safta. Rør inn 600 gr. sukker. Frys ned i kartongar eller flasker.

Smuldrepai med rabarbra og urter:

- 100 gr. margarin
- 1 dl. solsikkekjernar
- 1 dl. havregryn
- 1 dl. kveitemjøl
- 1 dl. sukker
- 6-8 dl. rabarbra
- 3-4 s.s. urter (sitronmelisse, eplemynte eller kvann passar godt til rabarbra)

Smelt margarinen, og bland i alt det tørre. Rør godt saman.

Smør ei ildfast form/paiform.

Kutt opp rabarbra og friske urter. Legg dette i botnen av forma.

Dryss smuldredeigen over. Ha event. litt perlesukker på toppen.

Steik ved 200 grader i ca. 20 min.

Server med is, vaniljesaus eller krem.

Ø NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR **deg**

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam

VATNE begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no

Konfirmasjon 2021

Seim kyrkje søndag 12. september kl. 10.00

Leander Bergetun Sørgård
Sølve Hopland Nesse
Andreas Hopland
Hermine Smelvær Thunes
Magnus Skaar Andersen
Ida-Marie Hindenes Bysheim

Seim kyrkje søndag 12. september kl. 11.30

Viljar Hølleland
Hanna Bøkevoll Aarland
Helene Hopland
Hanne Hopland
Hannah Leonie Spurkeland
Mali Fanebust
Elias Alden Spurkeland

Lygra kyrkje søndag 12. september kl. 13.30

Kjell-Anton Grenasberg Bergfjord
Simen Takle Feste

Knarvik kyrkje lørdag 18. september kl. 10.30

Benjamin Eidsheim
Bjørn Veland
Liam Sande
Linus Tveit Porsmyr
Maria Kjemphol Dahl
Martine Sjønnessen Risch
Stine Solberg Hammer

Alversund kyrkje lørdag 18. september kl. 12.30

Aleksander Monstad
Amalie Herfindal Kvinge
Anette Gullbrå Isaksson
Felix Litleskare Bekken
Lydia Sofie Lie Grutle
Marcus Valentin Blomberg
Mina Sture Fredheim
Odin Stenseth Simonsen

Knarvik kyrkje søndag 19. september kl. 10.30

Imre Sangolt Lid
Isabell Fjellsbø
Jarand Kjellstadli
Julie Alexandra Ryland
Linnea Nordås-Johannessen
Maren Vespestad
Victoria Sylta Gaustad
Magnus Kvinge Haugsdal

Knarvik kyrkje søndag 19. september kl. 12.30

Adelia Rosslund Kjølraug
Adrienne Synnøve Valdivia Søvik
Alva Synnevåg
Kim No Storsæter
Kristian Reigstad
Lisa Isdal Sellevold
Maja Eikeland
Nataniel Hagesæter Steinsland

Alversund kyrkje laurdag 25. september kl. 10.00

Celine Isabel Sture
Erica Osa Sellevold
Henrik Brunborg
Julie Tveranger Rognaldsen
Kristina Alver Fjeld
Lucas Vågenes Villanger
Maren Brendehaug Sivertsen
Thomas Brunborg
Torian Årseth Grindheim

Alversund kyrkje laurdag 25. september kl. 12.00

Annika Skorpen Guldbrandsøy
Astrid Solbakken
Celine Aleksandra Vågstøl Hilland
Ellen Andrea Smebye Rossnes
Heine Kvamme
Henriette Sundsbø
Truls Sjøpstad Gunnarsen
Vilde Mjøs Bjørnevoll
Casper Johan Mostrau

Alversund kyrkje laurdag 25. september kl. 13.30

Amalie Bjørsvik Gausereide
Andreas Færøy
Dennis Kvamme
Emma Kvamme Kalnes
Håvard Vik
Isak Våge
Maya Leknes
Sara Bjånesø Nilsen
Tina Birgitte Kvalheim Moen
Tiri Iselin Minde

Alversund kyrkje søndag 26. september kl. 10.30

Aron Meland Eikehaug
Erik Aron Romøren
Haakon Hjelmtveit
Jørgen Brundtland
Martine Bergstrøm Waage
Sebastian Runde Toft
Øyvind Mork Månun

Alversund kyrkje søndag 26. september kl. 12.30

Amalie Kallestad
Ciljan Lieske-Grindheim
Gabriel Haaland
Isak Haaland
Ivan Alver Sagstad
Linn-Kristin Nygård Saltskår
Solveig Aakvaag

Slekters gang

Knarvik

Døypte

- 07.02.21 Leah Herdlevær-Bergetun
- 07.02.21 Jakob Bengtsson Dalland
- 07.03.21 Hermine Nottveit Bratten
- 21.03.21 Emine Vikøren Mozfar

Døde

- 20.02.21 Berit Phillips f. 1944
- 14.03.21 Evelyn Alma Karin Finsås f. 1940
- 27.03.21 Arne Leivestad f. 1936
- 27.03.21 Tore Fallebøe Monsen f. 1939
(Store kapell, Møllendal)
- 12.04.21 Geir Henning Øksnes f. 1946
- 24.04.21 Nina Aase f. 1966

Alversund

Døypte

- 28.02.21 Eline Flatøy Jacobsen
- 28.02.21 Tiril Mjelde

Vigde

- 13.02.21 Adele Andersen og
Kim Ørjan Løkkebø Samuelsen
- 24.04.21 Ellen Stusdal og Arne-Martin Knutsen

Seim

Døypte

- 14.03.21 Johannes Morken Hjelmtveit
- 11.04.21 Dennis Sagstad Klever

Døde

- 28.01.21 Audun Thorsheim f. 1936
- 24.03.21 Jan Einar Hjelmtveit f. 1947

Lygra

Døde

- 24.02.21 Erling Moberg f. 1946

Kulturkalender

Fredag 3. september kl. 20 i Knarvik kyrkje

Jubileums-konsert med Ytre Suløen Jazzensemble i samband med Knarvikmila. Ytre Suløen var også på konsert første gangen Knarvikmila blei arrangert for 40 år sidan.



REIGSTAD
MASKINSENTER AS
5914 Isdalstø - Tlf.: 56 35 79 90 Fax: 56 35 79 91
www.reigstad.no

Seimstrand as
5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15

KIWI mini pris
KJØP KJAPT, KJØP TRYGT, KJØP BILLIG
Kiwi Ikenberget Tlf. 56 35 86 10

Nordhordland Elektro
Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektronikerkjeden
norgeseliten
20 år i bygghandelen

REMA 1000

ALVER HOTEL

Tankestrek

Ved Geir Øy

Alt er ikkje som før

Då årets konfirmantkull blei presenterte, var folk av alle aldrar samla på same gudsteneste. Nokre gonger førebur eg nøyre kva eg skal seie. Ofte prøver eg å gripe situasjonen og finne ord som passar. Denne sundagen kom eg til å seie noko om utvalet av songar på gudstenesta som hadde 14-åringar som målgruppe: «Når eg ser på songane me syng i dag, ser eg at det hjelper lite å ha vore konfirmant for 25 år sidan, og endå mindre for 50 år sidan». Eg såg at ein del foreldre og besteforeldre trakk på smilebandet. Heldigvis er ikkje alt som før når songar skal veljast ut. Av dei ti songane me ønskjer at konfirmantane skal lære, er det fleire som er nokså nye. Andre er litt eldre songar. Eigentleg står me som vel ut songar, i ein spagat nesten kvar sundag. Skal songane vere gamle eller nye, kjende for mange eller kjende for få? Som oftast prøver eg å gjere mange til lags. Eg vil ha nokre kjende songar. Samstundes prøver eg å ta inn ein litt ukjend song på så mange gudstenester som råd. Om ein helst hugsar tilbake frå eiga konfirmasjonstid 25 eller 50 år tilbake vil det vere mykje nytt og ukjent. Slik må det vere for at mellom anna ungdommar anno 2021 skal finne seg til rette. I større grad skulle eg ønskje at me som er vaksne eller godt vaksne må lære songar som ungdommane likar. Det er det framtid i.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontakten:

Knarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

Opningstid:

Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

Tlf.: 4000 1691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø post.

knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

Facebookside: Knarvik kyrkje

Kontonummer: 3633 67 39882

Vipps: 517310

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeverje: John Fredrik Wallace
jw734@kyrkja.no

Leiar i fellesrådet: Grethe Lunde,
gr-lunde@online.no

Soknerådsleiar:

Janicke Gruehagen Lyngøy

Kyrkjekontakten

Utgevar: Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Radøy sokn.

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger

Lokal redaksjon: Geir Øy og Øystein Skauge

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Bodoni AS

Framsidedeilete: Fire av årets konfirmantar, frå venstre:

Helene Hopland, Bjørn Veland, Mina Sture Fredheim og Mali Panebust.



Synnøve Bjørndal

Dagleg leiar

sb876@kyrkja.no



Geir Øy

Sokneprest

go673@kyrkja.no



Magne Bjørndal

Seniorprest

mb578@kyrkja.no



Helle Kartveit

Konfirmantlærer (vikar)

hk737@kyrkja.no



Tone Marit Håland Dyrkolbotn

Spesialprest (vikar)

td663@kyrkja.no



Nina Jenny Tresvik Monstad

Trusopplærer

nm853@kyrkja.no



Bjørn Furukawa

Kyrkjetenar

bf982@kyrkja.no



Odd Leif Mjøs

Kantor

om623@kyrkja.no



Helge Taranrød

Prost

ht759@kirken.no



John Fredrik Wallace

Kyrkjeverje

jw734@kyrkja.no

Kristine Rykkje Hopland

trusopplærer (permisjon)

Torbjørn Sæle

spesialprest (permisjon)

GUDSTENESTE- KALENDER



Knarvik

6. juni

2. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Helge Taranrød.
Dåp/nattverd.
Søndagsskule og
Juniorgruppe.

13. juni

3. s. i treeiningstida
Bøkeskogen kl. 11 v/ Geir Øy.

20. juni

4. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Geir Øy. Dåp/
nattverd.

4. juli

Aposteldagen
Kl. 11 v/ Geir Øy. Dåp/
nattverd.

18. juli

8. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Dåp/nattverd.

1. august

10. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal.
Nattverd.

29. august

14. s. i treeiningstida/
Vingardssøndag
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Dåp.

18. september

Laurdag
Kl. 12.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.



Alversund

13. juni

3. s. i treeiningstida
Bøkeskogen kl. 11 v/ Geir Øy.

27. juni

5. s. i treeiningstida
Kl. 11. v/ Geir Øy. Nattverd.

25. juli

9. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Nattverd.

25. september

Laurdag
Kl. 10, 12 og 13.30 v/ Geir Øy.
Konfirmasjonsgudsteneste.

26. september

18. s. i treeiningstida
Kl. 10.30 og 12.30 v/ Geir Øy.
Konfirmasjonsgudsteneste.

NB! Det blir eiga dåp-
gudsteneste dei søndagane det er
gudsteneste i Alversund kyrkje så lenge det er
nødvendig grunna smittevernreglane.

15. august

12. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.

22. august

13. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Geir Øy. Dåp.

29. august

14. s. i treeiningstida/
Vingardssøndag
Kl. 19.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Solidaritetsgudsteneste.

5. september

15. s. i treeiningstida
Kl. 12.30 v/ Geir Øy.
Friluftsgudsteneste på
Gamleskulen i samband med
Knarvikmila.



Seim

13. juni

3. s. i treeiningstida
Bøkeskogen kl. 11 v/ Geir Øy.

11. juli

7. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Geir Øy. Dåp.

8. august

11. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp/
Nattverd.

12. september

16. s. i treeiningstida
Kl. 10 og 11.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

12. september

16. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Geir Øy. Dåp/
Nattverd.

18. september

Laurdag
Kl. 10.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

19. september

17. s. i treeiningstida
Kl. 10.30 og 12.30 v/ Tone
Marit Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

26. september

18. s. i treeiningstida
Kl. 19.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Nattverd.



Lygra

13. juni

3. s. i treeiningstida
Bøkeskogen kl. 11 v/ Geir Øy.

12. september

16. s. i treeiningstida
Kl. 13.30 Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.